



Arkoconsult AS  
PB. 103  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1374 - 16/12395

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
11.05.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 137/188 Alver.

Kommunen viser til søknad om løyve til opparbeidning av infrastruktur mottatt 20.04.2016 og søknad om løyve til etablering av støyskjerm mottatt 05.04.2016. Søknadane vert handsama samla, jf vårt skriv datert 29.04.2016.

### Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknadane og finn at dei ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknadane vert supplert med følgjande dokumentasjon:

#### VA-rammeplan punkt 1.5.2

Teknisk drift har gjeve følgjande uttale når det gjeld innsend dokumentasjon for vatn og avlaup på tomta:

*Uttale va rammeplan gbnr 137/188.*

*Det vert vist til vedlegg Q1 i søknad om løyve til opparbeidning av infrastruktur på gbnr 137/188.*

*På kartvedlegget for vatn og avløp går det ikkje tydeleg fram korleis overvatnet innanfor området skal handterast samt uttak/kapasitet for brannvatn.*

*Teknisk Drift må ha eit revidert kart som visar uttak for brannvatn samt overvannshåndtering for området i tillegg til vass og avlaupsleidningane før vedtak om godkjenning av Va rammeplan kan gjevast.*

Søknaden må supplerast i samsvar med uttale frå Teknisk drift. Godkjend VA-rammeplan må liggja føre før søknaden kan godkjennast, jf punkt 1.5.2.

#### Masseutskifting og geotekniske undersøkingar punkt 1.4.6 og 1.4.7

Det vart i vedtak datert 21.12.2011 gitt løyve til masseutskifting av området. Arkoconsult AS var ansvarleg søkjar. Det ligg ikkje føre ferdigattest. Før kommunen tek stilling til rekkjefølgjekrava i punkt 1.4.6 og 1.4.7 i planen må det gjerast greie for om masseutskiftinga som det er gitt løyve til, er gjennomført og omfanget av arbeidet sett i forhold til rekkefølgjekrava.





